



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05
Håvard Rød, 55 57 21 43

Skjønsmidler til vertskommunar i samband med den ukrainske flyktning-situasjonen

Stortinget har vedteke å auke skjønnsramma til vertskommunar som har vesentlege utgifter til ukrainske flyktningar i mottaksfasen.

Dette brevet gir informasjon om ordninga. Brevet blir send til alle kommunane i Vestland.

Vertskommunar med asylmottak og/eller kommunar med avtale om alternativ mottaksplass kan søkje Statsforvaltaren i Vestland om skjønsmidler. Søknadsfristen er 20. oktober.

Bakgrunn

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av Prop. 78 S (2021-2022) jf. Innst. 270 S (2021-2022) å auke skjønnsramma til kommunane i 2022 med kr 170 mill. til vertskommunar som har vesentlege utgifter til ukrainske flyktningar i mottaksfasen. Ordninga gjeld utgifter som ikkje blir dekte av vertskommunetilskotet, eller av andre statlege tilskot innafor barnevern og helse (Helfo).

Med vertskommunetilskotet er meint *Tilskotet til vertskommunar for asylmottak*, som blir utbetalt av Utlendingsdirektoratet (UDI), inkludert tilskot til alternativ mottaksplass, jf. kap. 490, post 60.

Prosess for handsaming av søknader

Søknader skal sendast til statsforvaltarembeta. Vi har sett søknadsfrist til **20. oktober**.

Kommunane kan søkje Statsforvaltaren om kompensasjon for faktiske dokumenterte lovpålagde utgifter knytte til flyktningar som er registrerte med opphald i kommunen, som går vesentleg utover det UDI sitt tilskot til vertskommunar for asylmottak, inkludert tilskot til alternativ mottaksplass (AMOT), eller andre statlege tilskot, dekkjer.

Søknadene skal dokumentere ekstra utgifter per september 2022. Søknadene kan sendast til vårt postmottak.



Statsforvaltarane er i brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet, datert 1. juni, bedne om å kvalitetssikre og vurdere søknadene, og å kome med ei tilråding til fordeling av midlane. Statsforvaltaren skal sende ei grunnleggjande tilråding, saman med kommunane sine søknader, til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) innan 15. november. KDD og Justisdepartementet vil gjere den endelege fordelinga av midlane.

Målsetjing med ordninga

Målsetjinga med ordninga er å kompensere vertskommunar som har vesentlege utgifter til ukrainske flyktningar i mottaksfasen som ikkje blir dekte av vertskommunetilskotet eller andre tilskotsordningar.

Retningslinjer frå Kommunal- og distriktsdepartementet

Ifølgje brev frå departementet til statsforvaltarane, datert 1. juni d.å., gjeld følgjande retningslinjer for ordninga:

- *Kommunane kan søkje statsforvaltaren om kompensasjon for faktiske dokumenterte lovpålagde utgifter knytte til flyktningar som er registrerte med opphald i kommunen, som går vesentleg utover det UDI sitt tilskot til vertskommunar for asylmottak, inkludert tilskot til alternativ mottaksplass (AMOT), eller andre statlege tilskot, dekkjer.*
- *Det skal ikkje bli gitt skjønsmidlar basert på overslag.*
- *Utgiftene som kommunane kan søkje om å få kompenserte, gjeld utgifter til lovpålagde tenester, hovudsakleg innafor helse- og barnevernsområdet. Utgifter til skulesektoren skal bli halde utanom, då Kunnskapsdepartementet har eigne tilskotsordningar til dette.*
- *Statsforvaltarane kvalitetssikrar søknadene og sender eit samla framlegg til KDD, innan 15. november, som syner dei kommunane som skal få tilskot.*
- *Den endelege fordelinga av skjønsmidlane blir utarbeidd i samarbeid mellom KDD og JD.*
- *Midlane vil bli utbetalte til kommunane i desember 2022.*
- *Det blir ikkje bedd om rapportering til departementet på bruken av midlane.*

Statsforvaltaren i Vestland har ikkje utarbeidd eit eige søknadsskjema for dette føremålet. Vi ber om at kommunen utarbeider eventuelle søknader i samsvar med retningslinjene som det er vist til i strekpunkta ovanfor. Søknad må dokumentere at kommunen har utgifter som ikkje blir dekte på anna måte.

Departementet gjer også merksam på at ordninga er ei toppfinansiering som kjem i tillegg til det ordinære vertskommunetilskotet, og at kommunane ikkje kan rekne med å få kompenserte sine utgifter krone for krone.



Ordninga inkluderer ikkje utgifter til skulesektoren

I brevet frå Kommunal- og distriktsdepartementet er det vist til at utgifter til skulesektoren må heldast utanfor, sidan Kunnskapsdepartementet har egne tilskotsordningar til dette.

Statsforvaltaren i Vestland viser i den samanheng til tilskot til opplæring til barn og unge som søker om opphald. Kommunane treng ikkje å levere søknad for å få tilskot til opplæring for barn mellom 6 og 15 år. Utdanningsdirektoratet utbetaler tilskot basert på rapportar frå Utlendingsdirektoratet (UDI). For aldersgruppa 16-18 år skal kommunane og fylkeskommunane søkje Statsforvaltaren om tilskot. I Vestland har vi fortløpande søknadsfrist på denne ordninga. Kommunane og fylkeskommunen kan søkje om midlar heile året.

Førespurnader om skjønsmiddelordninga til vertskommunar kan bli retta til Marit Lunde (fmsfmlu@statsforvalteren.no) eller Håvard Rød (fmhohro@statsforvalteren.no).

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN



Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES